

Veteranplan Veteranplan



Foto: Ulstein kommune / Janne-Marit Myklebust

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda, Ørsta





Innhald

1. Innleiing	3
2. Statlege føringar	5
3. Anerkjening.....	6
4. Ivaretaking	7
5. Oppfølging	8
6. Handlingsdel.....	8



1. Innleiing

Kommunane på Søre Sunnmøre er samde om å utarbeide ein felles veteranplan. Felles **veterankontakt** Guttorm Hagen, regional rådgjevar i forsvarets veteraneneste Anne-Margrethe Krogseth og NIVO avd. Sunnmøre ved Jan Lund har kome med innspel undervegs i arbeidet med planen.

I tillegg til felles veterankontakt er **ordførar** i kvar kommune lokalt kontaktpunkt. Planen er ein temaplan.

Ein veteran er ein person som på vegne av den norske stat har delteke i ein fredsbevarande, fredsopprettande eller statsbyggande innsats i andre land, frå utanriks-, justis- og forsvarssektoren. Veteranar kan vere både militært og sivilt personell.



Veterankontakt

Veterankontakt er ein ressurs med god kjennskap til planverk og kommunane sine tilbud, og er eit viktig kontaktpunkt til veteranar og deira familiar. Veterankontakt er også bindeledd mellom kommunane og andre samarbeidspartar som Norges veteranforbund for internasjonale operasjonar (NVIO).



Veteranplan

Ein veteranplan skal gi auka merksemd i lokalsamfunna på veteranar sin innsats, også etter 2.verdskrig. Planen skal medverke til å anerkjenne, følgje opp og ivareta veteranar frå internasjonale operasjonar.

Tidlegare Generalløytnant Robert Mood 24.03.17:

«Når innsatsen ute gir utfordringer hjemme.

Forsvaret er ikkje først og fremst fly, fartøy og våpen. Forsvaret er framfor alt menneske. Menneske i samspel for å løyse krevande oppdrag på våre vegner. Menneske med lojalitet til nasjonen, oppdraget og avdelinga. Dei fleste kjem heim med nyttige erfaringar og større evne til å meistre krevande samspel. Kontinuerleg arbeid i tiåra som kjem, og nødvendig vidareutvikling av veteranarbeidet for framtidige generasjoner, handlar til sjuande og sist om å ivareta vår nasjonale sjølvrespekt.»

- **Veteranar skal oppleve anerkjenning for sin innsats i internasjonale operasjonar.**

I tillegg til den nasjonale anerkjenninga gjennom forsvaret sine organ, vil kommunane i fellesskap gjere meir for å løfte fram, heidre og verdsette veteranar sin innsats og veteranfamiliane si rolle.

- **Veteranar som slit med traume og skader etter teneste i internasjonale operasjonar.**

Nokre personar opplever å ha vanskar med å nå fram til nødvendige hjelpetenester. Dette kan gjelde ved både fysiske, psykiske og sosiale behov. Det er viktig at hjelpa er tilgjengeleg både for veteranen og familien, og at kommunane har nødvendig kompetanse.

Felles veteranplan for kommunane på Søre Sunnmøre skal sikre felles innsats gjennom felles kompetanseheving og samordning av arrangement og tiltak.



2. Statlege føringar

Samfunnet har eit klart ansvar for å ivareta personellet og deira næraste når Forsvaret tek del i internasjonale operasjonar (Prop.73 S, 2012). Dette arbeidet føreset felles plikter og samarbeid på tvers av departement og sektorar.

Militært personell i internasjonale operasjonar er i teneste på vegne av den norske stat. Regjeringa sin handlingsplan «I teneste for Norge» kom i 2013. Målet med handlingsplanen var å styrke oppfølging og ivaretaking av personell frå internasjonale tenester for Norge; før, under og etter tenesta. Handlingsplanen la føringar for å styrke samfunnet si anerkjening og ivaretaking av personellet.

Dei fleste kjem styrka heim frå internasjonale oppdrag, men dei som måtte trenge oppfølging skal få best mogleg bistand, og dei skal oppleve overgangen frå Forsvaret si ivaretaking til det sivile hjelpeapparatet, som heilskapleg og saumlaus. Eit overordna prinsipp i handlingsplanen er at personell som har behov for oppfølging skal følgjast opp av samfunnet sine ordinære helse- og omsorgstenester og sosialfunksjonar.

I Stortingsmelding 15 (2019-2020) Veteranar i vår tid finn vi:

Ti år har gått siden St.meld. nr. 34 (2008–2009) «Fra vernepliktig til veteran» Om ivaretaking av personell før, under og etter deltakelse i internasjonale operasjonar ble lagt fram i 2009. Utover på 2000-tallet hadde flere veteraner stått fram i media med fortellinger om helseplager. Det vokste fram en erkjennelse i det norske samfunnet av at en del veteraner betalte en høy pris for sin teneste og at de ikke fikk den anerkjennelsen de fortjente. Stortingsmeldingen fastslo at det var behov for bedre oppfølging av veteranene, både i Forsvaret, i Forsvarets samhandling med sivil sektor og mellom samfunnssektorar.



3. Anerkjennning

Kommunane på Søre Sunnmøre vil vise anerkjennning for den innsatsen våre veteranar har gjort gjennom si deltaking i internasjonale operasjonar med risiko for eige liv og helse.

Seremoniar og offentlege markeringar er eit viktig og synleg uttrykk for samfunnet si anerkjennning av både innsatsen og den enkelte veteran. Dette bidreg til å ivareta historia og knyte band mellom Forsvaret og samfunnet. Markeringar lokalt er av betydning for å femne flest mogleg og bidra til nettverksbygging og erfaringsdeling.

8. mai er Noreg sin frigjerings- og veterandag. Dette er den viktigaste dagen for å markere anerkjennning for veteranar frå 2. verdskrig og dei over 100 000 som har delteke i internasjonale operasjonar i nyare tid.

FN-dagen **24. oktober** vert ofte markert på skulane. Her er det mogleg å fortelje om Forsvaret si rolle i FN sine fredsbevarande operasjonar og anerkjenne dei veteranar som har delteke i FN-opdrag for Forsvaret.

Forsvaret sin **minnedag** vart innført i 2007, etter ønske frå overlevande og pårørande. Denne vert gjennomført årleg første søndag i november. Minnedagen er for å minnast alt personell som har mista livet i Forsvaret si teneste. Dagen vert markert ved Forsvaret sine avdelingar i Noreg og utlandet.



Soldater som er en del av Norwegian task unit 6 feirer 17.mai i Al Assad Air base. Foto: Forsvaret



4. Ivaretaking

Kommunane er ansvarlege for at personar som er busett i kommunen får nødvendige helse- og omsorgstenester. Fastlegar og tilsette i kommunale tenester må ha kunnskap om at årsak til fysiske og psykiske helseplager kan vere knytt til deltaking i internasjonale operasjonar, også når dette ligg langt tilbake i tid.

Dei fleste veteranar greier seg bra etter teneste, medan nokre har utfordringar som ein følgje av tenesta. Erfaringar tilseier at veteranar, uansett behov eller ikkje, får ei positiv oppleving av at kommunen er proaktiv i dei førebyggjande tiltak ein vel å iverksette. Ved å etablere og gjere synleg ei veterankontakt vil ein lettare kunne mobilisere og marknadsføre markeringar og andre aktivitetar for veteranar og veteranfamiliane.

Kommunehelsetenesta

Helsetenestene skal vere merksam på eventuelle behov for ekstra støtte og rettleiing til familiar der eit familiemedlem er, eller har vore, i internasjonale operasjonar.

Alle fastlegar i landet får boka «Håndbok i militærpsykiatri» frå Forsvaret som eit ledd i kompetanseoverføring frå Forsvaret til det sivile helsevesenet. Ved å ha kompetanse på dette feltet vil hjelpeapparatet lettare kunne førebyggje meir alvorlege helseproblem.

Skule og barnehage

For barn og unge kan det at foreldre oppheld seg i krigssoner vere utfordrande. Personell på skular og i barnehagar bør ha kompetanse på dette feltet slik at dei er i stand til å yte den hjelpa og støtta barna treng. Skule og barnehage vil vere avhengig av eit godt samarbeid med foreldra, og kunnskap hos dei tilsette vil kunne bidra til det.



5. Oppfølging

Oppfølging vil alltid skje med bakgrunn i eit definert behov. I denne sammenhengen vil det kunne gjelde både veteranen som har delteke i internasjonale operasjonar og familie og pårørande til soldaten.

Forsvaret er pålagt ei oppfølgingsplikt for sitt personell i eitt år etter at dei har kome tilbake frå internasjonal teneste. Dette er ei oppfølging som kjem i tillegg til, men ikkje er meint som ei erstatning for, dei tenester kommunane og andre offentlege etatar skal yte for sine innbyggjarar. Følgjeleg endrar ikkje Forsvaret si oppfølging kommunen sitt ansvar for sine innbyggjarar.

I dei tilfelle der ein veteran har fått problem som følge av si teneste i internasjonale operasjonar, vil dette også kunne få følgjer for deira familie og pårørande. Problematikken kan vere kompleks og involvere fleire kommunale instansar. Samhandling og forståing for dei ulike faginstansane sine betydningar i handtering av komplekse problemstillingar, kan vere viktig for ei heilskapleg oppfølging.

Tilbod til veteranar skal ivaretakast av dei etablerte kommunale tenestene. Kommunane skal ha kompetanse på traume og stress, også relatert til teneste i militære operasjonar.

Plan og handlingsdel skal reviderast ved behov.

6. Handlingsdel

Seremoniar og markeringar på Søre Sunnmøre

- 8.mai. Årleg arrangement for veteranar i kommunane, frigjerings- og veterandagen i **Ulstein**, der Ulstein mannskor er arrangør. Ordførar i Ulstein er lokalt vertskap for veteranane i samband med markeringa.
- 17. mai, egne markeringar i kommunane
- Kommunevise arrangement, der veteranar frå dei andre kommunane også kan møte, vert annonsert på kommunane si heimeside – og på **nvio.no avd. Sunnmøre**.



- Kommunane vil stille eigna lokale til disposisjon for møteverksemd og arrangement som veteranar tek initiativ til.
- Handlingsdelen vert evaluert/rullert etter behov.

Kompetanse

- Det skal i kvar kommunestyreperiode arrangerast ein fagdag i samarbeid med regionalt ressurscenter om vald, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RTVS).
- Markering av FN dagen i skulane 24. Oktober

Oversikt og informasjon om veteranar i kommunane

- Kven som er veteran er teiepliktig informasjon. Kommunane har difor ikkje register eller anna oversikt. Veteranen og veteranfamilien må difor sjølve ta kontakt eller delta på arrangement.
- Ved å informere om veterankontakt, arrangement og anna informasjon er målet å mobilisere og skape engasjement kring innsatsen til våre veteranar.